

EKSEMPEL

Dette er berre eit eksempel for ein tenkt verksemd med utandørs lagringscontainer og utandørs salgsstad. Vurderinga er ikkje direkte overførbar til di verksemd. Det er avgjerande for tryggleiken at di verksemd gjer si eiga individuelle vurdering

Vurderingsskjema for risiko

Dette skjemaet beskriver korleis vi vurderer ulike risikoar knytte til sal og oppbevaring av fyrverkeri. Alle nødvendige tiltak vil bli følgt opp i ein handlingsplan.

| Hending/Risiko | Beskriving | Vurdering |
|---|---|---|
| Manglande eller mangelfull opplæring og øving av dei tilsette | Fare for at dei tilsette ikkje veit kva dei skal gjere for å førebygge brann, slokke brann, varsle og evakuere. | Vi har ein særskilt utpeikt person som har det overordna ansvaret for tryggleiken, samt ein stadfortredar. Begge har gjennomført kurs hos Brannvernforeningen. Den særskilte utpeikte personen gjennomgår rutinar og instruksar med dei tilsette. Gjennomgang av bruk av slokkeutstyret blir også utført. |
| Utdaterte rutinar og instruksar | Rutinar for å sikre trygg handel og oppbevaring er utdaterte og vil ikkje fungere som forutsatt | Ansvarleg sokjar og særskilt utpeikt person går gjennom alle instruksar før fyrverkeriet blir levert til butikken. Alle rutinar og instruksar skal gjennomgåast med dei tilsette og oppdaterast dersom det er behov. |
| Brann i elektriske apparat | Feil eller uforsiktig bruk av t.d. skjøteleddningar, varmeomnar, lyslenker, o.l. kan føre til brann | Kun godkjente skjøteleddningar for utandørs bruk blir nytta. Skjøteleddningar skal ikkje koplast i kvarandre, og leidningar skal ikkje ligge i klem i dører, vindauge eller andre stader. Varmeomnar blir ikkje brukt i salsteltet. Lyslenker som vert nytta skal også vere godkjende for utandørs bruk. |
| Brann grunna open eld | Brannfare grunna faklar, bålpanner, røyking o.l. | All bruk av open eld skal føregå minst 10 meter frå salsteltet. Det skal hengjast opp oppslag som forbyr røyking og bruk av open eld nær salsteltet og lagercontaineren. |
| Fyrverkeri blir stolte | Fyrverkeri kan bli stolte frå både container og salgsstad | Fyrverkeri med krutt skal ikkje vere plassert på disk eller vere tilgjengeleg for publikum. Dør til container skal alltid haldast låst. Fyrverkeri oppbevarast i godkjent container. Containeren er alltid låst og utstyrt med alarm og dobbel FG-lås. |
| Brann spreier seg frå bilar i nærleiken | Dersom ein bil i nærleiken byrjar å brenne, kan brannen spreie seg til container eller salgsstad | Området rundt container og salgsstad sperrast av med bukkar og sperrebånd, slik at bilar ikkje kjem nærmare enn 10 meter. Sperringane står oppe også om natta. |
| Påsett brann | Uvedkommande tenner på rundt container i løpet av natta | Området rundt containeren heldast ryddig heile perioden fyrverkeriet blir oppbevart. Det skal ikkje vere enkel tilgang på brennbart materiale i nærleiken av containeren. Det er lys rundt containeren om natta. |
| Bilar kolliderer i containeren | Bilar som køyrer av vegen kolliderer i containeren, og kan i verste fall byrje å brenne. | Containeren er plassert langt unna trafikkert veg. Faren for påkøyrsel er minimal. |

| | | |
|--|---|---|
| Container eller salgsstad blir plassert feil | Container eller salgsstad blir plassert feil, slik at myndighetene sitt avstandskrav ikkje blir oppfylt. | Ansvarleg sokjar og særskilt utpeikt person er begge til stades når containeren blir levert, slik at denne blir plassert riktig. Det er teikninga som følgde søknaden som skal gjelde. |
| Manglande tilgang på slokkeutstyr | Slokkeutstyr manglar, eller er fjerna frå sin faste plass | Det skal kontrollerast dagleg at slokkeutstyr er på plassen sin. |
| Slokkeutstyr fungerer ikkje | Slokkeutstyr fungerer ikkje som forutsett | Alt slokkeutstyr skal ha årleg kontroll av kvalifisert kontrollør. Slokkeutstyret vil vere utsett for kulde, og vi bruker derfor kun pulverapparat for å sikre at dei ikkje fryser. Trykket på apparata skal sjekkast kvar dag i salgsperioden. |
| Feil handsaming av kunderetur | Fare knytt til feil handsaming av eventuell kundetur. T.d. feil plassering av returnert vare, eller at kunden ikkje får returnere | I perioden 1. januar – 31. januar pliktar vi å ta imot ubrukt og udetonert fyrverkeri. Vi har utarbeidd ein eigen rutine for dette. Denne rutinen er kjent av alle dei tilsette, og alle veit kva dei skal gjere dersom nokon ønskjer å returnere udetonert fyrverkeri. |